



Marius Rødland
Steinsvikvegen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4204 - 19/36509

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2019

Vi ber om fotodokumentasjon på utført arbeid i samband med etablering av landbruksgarasje - gbnr 106/17 Fanebust


Vi viser til vårt brev datert 27.11.19 og dykkar epost datert 06.12.19.

De opplyser følgjande i epost 06.12.19:

«Eg må melde frå om at bygging av garasje ikkje er ferdig. Har berre planert tomt, lagt fram rør med strøm, og begynt forskaling.»

Prosjektet har diverre stoppa midlertidig opp grunna drøfting og planlegging av ny driftsbygning på garden. Me håpar å få eit kostnadsoverslag på dette snart, så me forhåpentlegvis kan fokusere på å få ferdig garasjen først. Ber om forståelse for at ting har tatt tid, men håper eg slepp å søke på nytt for å få satt opp garasjen.»

Kart og foto



Vurdering

Det vart i vedtak datert 13.04.2016 gjeve løyve til etablering av landbruksgarasje på eigedom gbnr. 106/17. Ut i frå orthofoto teke i 2015 innan de fikk løyve og orthofoto teke i 2018 kan vi ikkje sjå at det er utført arbeid knytt til tiltaket. 3 års frist for gjennomføring av løyve gjekk ut 13.04.19.

Vi ber om å få tilsendt fotodokumentasjon som stadfestar at de er i gang med oppføring av garasjen. Vi vurderer at det arbeid som er opplyst igangsett ikkje er av slik art at det forlenger frist for gjennomføring. Vi gjer merksam på at arbeid knytt til el-installasjonar ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova .

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, denne fristen kan ikkje utvidast jf. pbl. § 21-9.

Frist for å sende inn fotodokumentasjon vert sett til 11.12.19.12.19.

Dersom vi ikkje har motteke fotodokumentasjon innan 11.12.19 vert saka avslutta og de må søkje på nytt for å føre opp garasjen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Marius Rødland

Steinsvikvegen 16 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Marius Rødland

Steinsvikvegen 16 5955

LINDÅS